



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 01.12.2020

Møtebok Høyanger sokneråd

Møtedato: 25.11.2020
Møtetid: Kl. 18.00
Møtestad: Høyanger kyrkjekontor (Møterom)

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Marit Tonning, Lars Petter Amundrud, Andreas Ester, samt kyrkjeverje Bjørnar Otterstein

Forfall:

Veronica Vågen, Trond Gandrud,

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordførar Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekkhus, kontor Gerda Otterstein, sekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok.
Innkalling frå 19.11. og møtebok frå 05.11.2020 vart godkjent utan merknader.

Soknerådsleiar foreslo å rokkere om på saklista slik: Første sak vert meldingssak 0029/20
Soknepresten har ordet, deretter vert vedtakssak 032/20 Høyanger Bedehus sakshandsama.
Soknerådet var einig i den prioriteringa. I møteboka vert derimot meldingssaker og vedtakssaker fulgt kronologisk.

Meldingssaker

- 000029 Soknepresten hadde ordet**
Presten fokuserte på eit uttrykk som ofte vert brukt: «no ser det mørkt ut». Men når vi no går inn i juletida skal vi fokusere på den store glede, at Herren Gud vart fødd som eit lite barn, som vaks opp og vart vår frelsar Jesus. Han er det store julelyset, og saman med han skal vi ikkje vandre i mørkret!
- 000030 Postgjennomgang, nye rutiner**
Kjapp gjennomgang av May-Wenche. Soknerådet skal i framtida ha postgjennomgang som fast punkt under meldingssaker
- 000031 Regnskapsrapporten per 19.11.20**
Rapporten vart gjennomgått av leiar i soknerådet
- 000032 Sokneråda sine tilbakemeldingar til biskopen etter visitasen i 2019.**
Soknepresten gjekk gjennom saka og informerte om at alle sokneråda har gitt sin tilslutning til det endelige dokumentet, som no er oversendt biskopen.
- 000033 Evaluering av samankomsten på bedehuset 12.11.20**
Soknerådet ønsker at framtidige møter under paraplyen Kirkelovens §9 skal ha samme uformelle stil og innhald. Konklusjon er at samlinga var vellykket.
Soknerådet tek ikkje tid til å gå gjennom alle forslag til forbedringer og endringer vedr. soknerådets oppgaver i soknet. Dette skal stå på saklista på det første møtet i 2021.

Vedtakssaker

Sak 032/20 Høyanger bedehus

Høyanger sokneråd meiner at saka er så omfattande, og kan bli krevjande også for sokneråda som kjem etter oss. Difor ønskjer rådet at alle rådesmedlemene er tilstades når denne saka skal få si avgjerd. Forslag til dato og klokkeslett er onsdag 9.desember eller onsdag 16.desember kl. 17.00 i bedehuset. Veronica Vågen og Trond Gandrud skal kontaktast slik at dato kan fastsetjast så snart som råd. Soknerådet ønskjer at kyrkjevevja er til stades også på dette møtet, dersom dei to som ikke kunne stille på møtet 25.11.20 har spørsmål som ikke er belyst tidligare. Kyrkjevevja står fritt til å delta på høgtalar på telefon.

Vedtak:

Høyanger sokneråd vel å utsetje saka til 09.12.20 eller 16.12.20. Soknerådet ønskjer at alle medlemmer i rådet skal være til stades.

Sak 038/20 Soknerådet sin møteplan for 2021

Vedtak:

Soknerådet vedtek at første møte i 2021 er den 13.01.2021 i bedehuset kl 18.00. Møteplanen for første halvår i 2021 vert utsett til dette møtet.

Sak 039/20 Fastsetjing av dato for årsmøte i 2021

Vedtak:

Saka vert utsett til første møte i 2021.

Sak 040/20 Kyrkjevevtar for gudstenester i første halvdel av 2021

Vedtak:

Første gudstjeneste i 2021 er onsdag 20.01.2021. May-Wenche stiller som kyrkjevevter ved denne gladgudstjenesta. Høyanger sokneråd vel å utsetje planlegginga av kyrkjevevtar for dei resterande gudstjenestene i vinter/vår til første møte i januar.

Sak 041/20 Treng hjelp til trusopplæringstiltak

Trusopplærar Toril Lange ber Høyanger sokneråd hjelpe til med ulike trusopplæringstiltak. Toril Lange vil gjerne møte soknerådet, men det forutset at soknerådet har sitt andre møte den 11.02.21. Trusopplærar legg planar for minimum eit halvt år om gongen, og har difor vanskar med spontant å stille på møter. Toril gikk av denne grunn glipp av samlinga i bedehuset 12.11.20, og ønskjer difor å møte medlemene i Høyanger sokneråd.

Vedtak:

May-Wenche Fossmark stiller opp på tårnagenthelga 06. og 07.02.21. Høyanger sokneråd vil ta stilling til ønskja fra trusopplærar på første møte i 2021.

Sak 042/20 Tildeling av offer og gjennomgang av offersøknader for 2021.

Vedtak:

Høyanger sokneråd vedtek at ved første gudstjenesta den 20.01.21 skal offergåve gå til Estland. Resten av offertildelinga skal vedtakast på første møte i 2021.

Sak 043/20 Val av leiar og nestleiar i Høyanger sokneråd.

Leiar og nestleiar i fellesråd og sokneråd skal kvart år veljast innan 01. januar.

Vedtak:

Høyanger sokneråd ønskjer at alle rådsmedlemer skal være til stades og delta med si stemme ved valet, difor blir denne saka utsett til møtet 9. eller 16.12.20, samstundes som saka om Høyanger bedehus vert sakshandsama.

Møtet heva kl. 19.45.

Referent: Lars Petter Amundrud